



Månadsbrev mai 2022

Skidagen i Fåråsen vart avlyst, men 1.-4. klasse hadde ei flott stund der dei fann ut kva som var i *Fortellerkoffert med kongelig innhald*. 4.-6. klasse hadde ein aktiv og svært interessant dag om reinsdyr og menneske, der dei m.a. steikte hjortekjøtt i "bålgrop". Som de har sett på heimesida, vart turen til Oslo og utdeling av Bokslukerprisen 2022 ein suksess. Åselin og Olivier var flinke bokbadarar av Svein Tindberg, og det vart mange sjølvlar og signerte bøker med heim. Ungdomsskulen lærte mykje om eltryggleik og fekk verkeleg testa energioverføring før dei stakk på overnattingstur til Taumevatn.

28. april markerte me verdas bokdag første timane. 1.-4. las og arbeidde med teikneserien *Polititjuven*, 5.-7. kl konsentrerte seg om *Maltesergåten* og 8.-10. klasse kom gjennom heile *Døde menn går på ski*. Noko av dette blei svært så realistisk og bloddryppande...



med fokus på krim dei tre



Mai er ein måned der det skjer mykje, og lærarane startar 3. mai med felles fagdag med Tonstad skule og vaksenopplæringa og vidare arbeid med djupnelæring og vurdering. 3. klasse skal på **gardsbesøk** på Liland 5. mai, medan 1. og 9. klasse besøker barnehagen og dei tre jentene som skal byrja på skulen til hausten. **Innskrivingsdagen** er 11. mai, og så kjem femåringane på besøk att til skulen 24. mai. Innimellom plukkar me litt **søppel** og øver litt til **nasjonaldagsfeiringa** tysdag 17. mai.

Me gler oss til **foreldremøtet med Helsesista** tysdag 24. mai, og ho har føredrag for ungdomsskuleelevene dagen etter. Same dag er det SMU- og SU-møte, dvs. 25. mai, og så er det snart juni og tid for sommaravslutningar...

På grunn av utsett møte i SMU og SU, er det framleis mogleg å svara på **trivselsundersøkinga**. Nytt sjansen i løpet av veke 18 og 19, for nå har 1.-2. og 8. klasse best svarprosent med 75 og 70%!

Hugs skuleonsdag 25. mai!

Med ynskje om ei god 17. mai-feiring!

Sinnes 01.05.22, Åse-Berit (rektor)

